

---

**Fra:** Bernt G. Breivik <bernt@breivik.info>  
**Sendt:** 5. september 2019 22:58  
**Til:** Postmottak  
**Kopi:** Øyvind Lunde; asv@alt.as  
**Emne:** Tilbakemelding på forslag til reguleringsplan for Svanevågen

Til Øygarden kommune.

På vegne av min far Ola Breivik som er eier av Gnr/Bnr 45/60 eller det som er betegnet som BUN4 i reguleringsplanen i Svanevågen ønsker jeg å komme med noen tilbakemeldinger og innspill. Jeg vil samtidig beklage at denne henvendelsen kanskje kommer seint i prosessen, men det skyldes at Ola Breivik av fysiske og helsemessige årsaker ikke har klart dette tidligere.

Saken gjelder:

DETALJREGULERING – REGULERINGSFØRESEGNEN FOR SVANEVÅGEN

Nasjonalt arealplan-ID: 1259 2016 0007

Innsendt 23.06.2017\_revidert for fase 2 - 14.06.2019

I reguleringsforslaget er det fra innerst i Svanevågen og ut til verneområdet H570 foreslått 5 ulike kategorier: VNV3, BUN1-4, BFT1-2, BAA1 og BBS1. I og med at dette er et relativt lite område med tett bebyggelse, synes jeg det er unaturlig at naboeiendommer blir regulert til helt ulike formål. Jeg mener at hele rekken av tiltak bør kunne utnyttes og bebygges på en samordnet og lignende måte. Dersom kommunen ønsker en annen regulering av småbåthavnen innerst i vågen, kan BUN1 være ulik, men fra og med BUN2 til og med BAA1 synes jeg har de samme forutsetningene og at alle bør ha kategori BAA. Jeg vil fremheve at alle eksisterende 3 tiltak på BUN2-4 er vesentlig større og har et annet innhold enn det som er tillatt i hehold til dette forslaget da de er basert på en tidligere reguleringsplan. Jeg synes at bygningene som allerede er satt opp på BUN2-4 dekker den skjæringen som er laget i fjellet bak, og dermed fremstår som godt tilpasset sine tomter. En maksimalhøyde på 4,5 meter som er foreslått i planen virker som en unødvendig begrensning sett i forhold til resten av bebyggelsen.

Jeg synes det er vanskelig å forstå hvorfor det er valgt ulike kategorier for bebyggelsen langs Svanevågen slik at naboeiendommer får ulike muligheter for utnyttelse og bruk. Dette virker både urimelig og uretferdig på meg.

Jeg synes at både naboeiendommer og Gnr/Bnr 45/60, BUN4, bør få kategori BAA.

På vegne av Ola Breivik:  
Vennlig hilsen Bernt Breivik.

Personalia:

e-post: [bernt@breivik.info](mailto:bernt@breivik.info)

mobil: 932 50 604

ØYGARDEN KOMMUNE  
Ternholmvegen 2  
5337 RONG

Dato: 20.08.2019  
Vår ref.: 2014/20080-37  
Saksbehandlar: catgra1  
Dykkar ref.:

## Fråsegn til forslag til detaljreguleringsplan for Svanevågen - Øygarden kommune

Vi viser til brev datert 28.06.19. om høyring av forslag til detaljregulering for Svanevågen. Hovudføremålet i planen er bustad, fritidsbustad og fritids- og turistføremål kopla til strandsona. Føremålet er i hovudsak i samsvar med kommuneplan der området er sett av til kombinert føremål bygg og anlegg, bustader og småbåthamn, med krav om regulering. Kommunen har vurdert at planen ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing.

Hordaland fylkeskommune vurderer reguleringsplane ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar, i tillegg til oppstartmeldinga i brev av 03.02.17.

For utfyllande planfaglege råd viser vi til internettsidene våre: [www.hordaland.no/](http://www.hordaland.no/).

### Vurdering

#### Planfaglege merknader

Det tilsendte materialet er noko uoversiktleg og det er t.d. krevjande å identifisere fullt samsvar mellom planskildring og føresegner. Dette knyter seg òg til at tilsendt plankartet har dårleg oppløysing og difor er vanskeleg å lese. Det er generelt vanskeleg å få oversikt over omfanget av utbygginga planen legg opp til, noko som har gjort det vanskeleg å sette seg inn i planframlegget og vurdere konsekvensane.

Endringane som er gjort knyter seg særleg til fylkesmannen si motsegn. Vi vil difor peike på at våre merknader til det førre planframlegget blir halde ved lag, og i det vidare vil vi presisere nokre aktuelle regionale tema som det må takast omsyn til i planen.

Vidare kan vi ikkje sjå at ein under 4.2 Regionale planar, har vurdert *Regional areal- og transportplan for Bergensområdet* (RATP). Denne blei vedteken av fylkestinget i juni 2017, og planområdet omfattar kommunane Bergen, Radøy, Meland, Lindås, Askøy, Fjell, Øygarden, Sund, Osterøy, Vaksdal, Samnanger og Os. Planen skal nyttast for verksemda til regionale organ og for kommunal og statleg planlegging i regionen (§ 8-2). Mål, retningslinjer og handlingsprogram i planen skal vera retningsgjevande for fylkeskommunen og statlege regionale organ i fylket når det gjeld verksemdplanar, forvaltningsvedtak og budsjett. Planen vil også være retningsgjevande for kommunal areal- og transportplanlegging.

### Areal og transport, klima og tettstadsutvikling

Når det gjeld samordna areal og transport, og bustadpolitikk, legg RATP føringar for utviklinga i Bergensregionen. RATP heng også tematisk saman med *Regional plan for attraktive senter i Hordaland* (Senterplanen), der prioritering av tettstadsutvikling, fortetting og senterutvikling er sentralt. Det kjem ikkje fram av planforslaget korleis ein tenkjer at utbygginga i dette området skal stø opp om samordna areal- og transportutvikling og senterstruktur i Øygarden og Nye Øygarden kommune.

Planforslaget legg opp til ei utbygging som i all hovudsak vil vere bilbasert, med unnatak av barnehagetilbodet som ein rustar opp i området. Vegen i området fram til Fv 561 er svært smal og ueigna for auka trafikkmengd. Begge skulane i området ligg lenger enn 5 km unna Svanevågen (Blomvåg skule – 5,7 km unna; Tjeldstø skule – 5,2 km unna), og dermed utanfor det som ein kan rekne som akseptabel gå- og sykkelavstand. Ei høg bustadfortetting er ikkje ønskjeleg i «senter-omland» med lange avstandar til sosial infrastruktur og møteplassar, slik som dette. Fylkeskommunen kan difor ikkje sjå at å utvikle dette området i så stort omfang, særleg med tanke på bustader og fritidsbustader, er i tråd med retningslinjer i RATP:

5.3. Kommunane bør prioritere kollektivorientert utbygging ved å i hovudsak lokalisere bustader i regionale og lokale vekstsoner og langs eksisterande kollektivtrasear.

5.4. Nye større bustadområde (15 einingar) skal ha dokumentert trygg veg til grunnskule og til kollektivstopp.

### Samferdsel

Når det gjeld tema samferdsel viser Hordaland fylkeskommune til tidlegare uttaler, samt Vegvesenet sin uttale datert 20.08.2019. Fylkeskommunen har vore kritisk til å etablere eit større tal bustader i Svanevågen. Planområdet er usentralt, og ikkje i tråd med retningslinjene for samordna bustad-, areal-, og transportplanlegging, som er nedfelt i nasjonale og regionale styringsdokument. Hensikta er at planlegging av utbyggingsområder og transportsystem skal legge til rette for mest mogleg effektiv og miljøvennleg transport slik at transportbehova kan reduserast. Oppfølging av dei nasjonale målsettingane er innarbeid i regionale styringsdokument, til dømes i *Regional plan for attraktive senter i Hordaland* og RATP. Her er det mellom anna lagt vekt på eit utbyggingsmønster gjer det mogleg å gå, sykle eller nytte kollektivtransport til handel og tenester. Vi kan ikkje sjå at utbygging i Svanevågen er i tråd med ein slik ønska utviklinga. Busstilbodet nærast planområdet er avgrensa og i hovudsak knytt til transport av skuleelevar. Busstilbodet ved Fv 561 er noko betre, men avstanden og manglande tilrettelegging for mjuke trafikantar gjer at tilbodet ikkje vert attraktivt og trygt for busette i Svanevågen. Avstand til kollektivtilbod og andre viktig målpunkt vil i stor grad gjere dei nye bustadområda bilbaserte. I tillegg vil avstand til skole utløyse krav om skoleskyss.

Som det har vore påpeika tidlegare er det naudsynt å etablere ei effektiv og trygg gang- og sykkeltilkomst mellom planområdet, via fv 228, til fv 561. Dette er no endra i rekkefølgekrava, og skaper usikkerheit til korleis trafikktryggleike i området skal sikrast. Samferdselsavdelinga støtter Statens vegvesen sine vurderingar knytt til manglande løysingar for mjuke trafikantar.

Av omsyn til både samordna bustad-, areal-, og transportplanlegging og manglande løysingar for mjuke trafikantar, vil vi oppmode kommunen til ikkje å etablere eit større bustadområde i Svanevågen. I staden bør kommunen prioritere planområder som ligg meir sentralt, knytt til ei kollektivakse og gang-/sykkelløysingar, og som er i tråd med nasjonale og regionale retningslinjer. Særleg bør trygg skoleveg vektleggast tungt.

### Kulturminne og kulturmiljø

I samband med varsel om oppstart av arbeid med reguleringsplanen for Svanevågen gjennomførte fylkeskonservatoren i 2014 arkeologiske registreringar i planområdet. To automatisk freda kulturminne vart påvist, to steinalderlokalitetar (Askeladden-id 178655 og 178656). Då planforslaget var på offentleg ettersyn i 2017, vart det søkt Riksantikvaren om dispensasjon frå kulturminnelova for den eine lokaliteten, Askeladden-id 178656. Riksantikvaren ga dispensasjon med vilkår om arkeologisk utgraving. Då planen vart vedteken 13.06.18, var delar av planområdet lagt i område utan rettsverknad i plankartet. Lokaliteten

Askeladden-id 178656 var ein del av dette området utan rettsverknad. Dispensasjonen frå kulturminnelova for denne lokaliteten fall då bort.

I samband med etablering av offentleg vass- og avlaupsleidning i området i 2018 vart det på ny søkt om dispensasjon frå kulturminnelova for steinalderlokaliteten Askeladden-id 178656. Søknaden vart innvilga av Riksantikvaren i brev datert 16.08.18. Universitetsmuseet i Bergen gjennomførte arkeologisk utgraving av lokaliteten våren 2019. Lokaliteten er ikkje formelt frigitt, og lokaliteten er difor riktig avmerka i plankartet med føresegnområde. Det manglar føresegn til føresegnsområde #1 i planen. Følgjande føresegn må setjast inn under § 9:

«Føresegnsområdet markerer steinalderlokaliteten Askeladden-id 178656. Det er ikkje tillate med noko form for tiltak innafor arealet før Riksantikvaren har frigjeve arealet etter ferdigstilt arkeologisk utgraving.»

#### Strandsone

Det er positivt at ein har skalert noko ned på utbygginga i strandsona. Likevel opnar planframlegget for omfattande tiltak innanfor 100-meters beltet som vil ha privatiserande verknad på strandsona. Å endre noko formål frå fritidsbustader til næring og naust garanterer ikkje mot privatisering. Det er ikkje ønskjeleg med fritidsbustader i sjølina, verken reine fritidsbustader eller såkalla «rorbuer». Dette er ikkje i samsvar med regionale og nasjonale retningsliner, og strir imot lovverket.

### **Konklusjon**

Hordaland fylkeskommune viser til tidlegare fråsegn , og har elles særlege merknader til planforslaget når det gjeld areal og transport, klima og tettstadsutvikling, samferdsel, strandsone, kulturminne og kulturmiljø. Vi ber om at desse merknadene vert teke omsyn til i prosessen vidare.

Eva Katrine R. Taule  
fagleiar kommunal plan

Cathrine Grasdal  
saksbehandlar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Saksbehandlar:

Gunhild Raddum, Transportplanseksjonen, SAMFERDSELSAVDELINGA

Ambjørg Reinsnos, Fylkeskonservatoren, KULTUR- OG IDRETTSAVDELINGA




Øygarden kommune  
Ternholmvegen 2  
5337 RONG

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Frida Halland, 5764 3128

## Fråsegn til avgrensa høyring for detaljregulering for Svanevågen i Øygarden kommune

Vi syner til oversending dagsett 29.11.2019 og 2.12.2019. Det totale planområdet er no delt i 3 delområde. Nytt framlegg omhandlar del 1 og del 2. Del 1 er vedteken, medan kommunen no ynskjer gjere vedtak av del 2. Fylkesmannen har vore i dialog med kommunen om planarbeidet ved fleire høve, men kjernen for dialogen er det nordlege området – del 3.



Sett i lys av dialog mellom Øygarden kommune og Fylkesmannen kan Øygarden kommune gjere vedtak av del 2 i planområdet. Fylkesmannen ynskjer at kommunen planlegg heilskapeleg, og vi rår til at planar ikkje vert delt opp og vedteke stykkevis, då oversikta og overordna vurderingar kan forsvinne. Samstundes er det utanfor del 2, som kommunen no ynskjer gjere vedtak av, at kjernen til potensiale for vidare dialog ligg og kommunen kan difor gjere vedtak av del 2.

Ein føresetnad for at vi ikkje vurderer BBS2 (småbåtanlegg i sjø) til å vere for omfangsrik inne i vågen, er at ein tek ut moglegheiten for å gjere inngrep heilt nord i planområdet, dvs. Fylkesmannen ventar at molo og småbåtanlegg/småbåthamn ikkje er del av nytt planframlegg for del 3. Fylkesmannen ser fram til ein vidare god dialog om innhald i del 3.



Vi minner om at Øygarden kommune no, i perioden mellom nytt kommunestyre vart konstituert og samanslåinga den 1.1.2020, har ein avgrensa heimel til å gjere vedtak. Vi rår til at kommunen ikkje gjer vedtak før 2020.

Med helsing

Egil Hauge  
seksjonsleiar

Frida Halland  
rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*



## Statens vegvesen

ØYGARDEN KOMMUNE  
Ternholmvegen 2  
5337 RONG

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/telefon:  
Hilde Birgitte Kalleklev /  
55516386

Vår referanse:  
17/6072-11

Dykkar referanse:

Vår dato:  
06.12.2019

### Uttale til revidert planforslag – detaljreguleringsplan for Svanevågen – Øygarden kommune

Synar til brev om avgrensa høyring dagsett 29.11.2019, mottatt 04.12.2019.

#### Om saka

Føremålet med planen er å leggje til rette for utbygging av bustadar, barnehage, fritidsbustadar mm. Den delen av tidlegare planforslag med føremål overnatting/hotell er ikkje lenger inkludert i planområdet.

Statens vegvesen har i uttalt seg til planforslaget fleire gonger, seinast i brev dagsett 20.08.2019.

Planframlegget som no er på avgrensa høyring er justeringar i del 2 som fylgjer opp mellom anna Statens vegvesen sine uttalar om rekkefølgjekrav og ny tilkomstveg.

Statens vegvesen vil grunna svært kort høyringsfrist berre kommentera endringane i føresegna § 3.

#### Uttale

Føresegna i § 3 om rekkefølgjekrav er framleis lite presis, vi vil sette krav om følgjande formulering:

3.1.2 Punktet kan strykast, føremålet med punktet vert fanga opp i punkt 3.1.4.

3.1.3 Fyste setning som forslag til føresegn dagsett 29.11.2019.. Andre setning endrast til: Vegen skal ha vegklasse L1 med vegbredde på 6,5 meter i tillegg til åtskild gang- og sykkelveg med rabatt.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Postboks 43  
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø



3.1.4 Reguleringsplan for ny tilkomstveg jf. 3.1.3 skal vere vedtatt før det kan gjevast igangsetjingsløyve innanfor planområdet.

Om desse endringane vert innarbeidd i føresegna vil vi ikkje motsette oss at planforslaget vert vedteke.

Ta gjerne kontakt om noko er uklart.

Plan- og forvaltningsseksjon, Bergen  
Med helsing

Sindre Lillebø  
seksjonssjef

Hilde Kalleklev  
overingeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*



KYSTVERKET

Vest

Øygarden kommune  
Ternholmvegen 2  
5337 RONG

16/18-89  
L13

Dykkar ref.:

Vår ref.:  
2017/614-5

Arkiv nr.:

Saksbehandlar:  
Turid Susort Jansen

Dato:  
04.07.2019

**Uttale til forslag til detaljreguleringsplan for Svanevågen. PlanID 2016 0007 - Øygarden kommune - Hordaland fylke**

Syner til brev av 28.6.2019 vedkomne ovannemnde.

Kystverket gav fråsegn til varsel om oppstart av planarbeidet den 13.3.2017. Vi ser at våre merknader er tatt med i føresegna 2.17.3 og har ikkje andre merknader til planen.

Med helsing

Turid Susort Jansen  
seniorrådgiver

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

**Regionkontor Vest**

Sentral postadresse: Kystverket  
Postboks 1502  
6025 ÅLESUND

Telefon: +47 07847

Internett: [www.kystverket.no](http://www.kystverket.no)  
E-post: [post@kystverket.no](mailto:post@kystverket.no)

For besøksadresse se [www.kystverket.no](http://www.kystverket.no)

Bankgiro: 7694 05 06766

Org.nr.: NO 874 783 242

Vi ser om at brev, saksrespondanse og e-post vert adressert til Kystverket, ikkje til avdeling eller enkeltperson



## Statens vegvesen

Øygarden kommune  
Ternholmvegen 2  
5337 RONG

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/telefon:  
Ingelin Garen / 55516345

Vår referanse:  
17/6072-8

Dykkar referanse:

Vår dato:  
20.08.2019

### Uttale til høyring og offentlig ettersyn til detaljregulering for Svanevågen – Øygarden kommune – PlanID 2016 0007

Vi syner til melding om offentlig ettersyn av forslag til detaljreguleringsplan for Svanevågen, PlanID 20160007. Uttalefrist er 20.08.2019.

Fylkesmannen tidlegare retta motsegn mot planframlegget ved høyring og offentlig ettersyn. Kommunestyret i Øygarden godkjende med det berre eit mindre delområde av planen som motsegna retta seg mot. (Møte 13.06.2018, sak 43/18)

Planframlegget som no er på høyring er endra med sikte på å imøtekome motsegna.

Ut frå dei opplysningar som er gjeve i planskildringa, sist revidert 20.06.2019 har planområdet ein storleik på 261 daa, av dette er 197 daa på land og 64 på sjø.

Føremålet med planen er å leggje til rette for utbygging av 54 bustadar, barnehage, 46 frittliggande fritidsbustadar, småbåthamn, småbåtanlegg, overnatting/hotell og fritids- og turistføremål.

Statens vegvesen har ansvar for å sjå til at føringane i Nasjonal transportplan (NTP), Statlege planretningslinjer med samordna bustad-, areal og transportplanlegging, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar vert ivaretekne i planlegginga. Vi uttalar oss som forvaltar av riksveg på vegne av staten, forvaltar av fylkesveg på vegne av fylkeskommunen og som statleg fagmynde med sektoransvar innan vegtransport.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Postboks 43  
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø



Figur 1 illustrasjonsplan Svanevågen

### Uttale

Planframlegget som er utarbeida av ALT arkitektur as har ujamn kvalitet. Estetikk, nær og fjernverknad er grundig omtala. Når det gjeld trafikk meiner Statens vegvesen at planframlegget har vesentlege manglar.

På side 82 i planskildringa vert det vist til ei ROS-analyse. Plankonsulent skriv: «Gjennom Ros-analysen er det vist følgjande tilhøve som bør følgjast opp ved gjennomføring av plantiltaket og innarbeidast i vedtektene:.....Trafikktryggleik: Sikre tilrettelegging for mjuke

*trafikanter. Sikra at mjuke trafikantar og køyrande ser kvarandre, oversiktlege kryss og god belysning. Fartsregulering området til 30 km/t som eit strakstiltak.»*

Statens vegvesen kan ikkje sjå at Ros-analyse er blant høyringsdokumenta. Også plankartet, «Planforslag fase 2 – 14.06.2019» og føresegner framstår som uferdige og er noko vanskelege å lese. Plankartet manglar til dømes markering av koordinatnettet. Endeleg plankart må utformast i tråd med gjeldande krav.

Detaljregulering for Svanevågen, fase 1, vart vedteken i juni 2018. Av føresegnene sist revidert 18.05.2018 følgjer det under «Utbyggingsrekkefølge»:

*pkt. 3.1.2 : «Samstundes med søknad om tiltak innanfor fase 2 av reguleringsplanen skal det føreligge ein plan for gjennomføring av den nye tilkomstvegen.»*

*pkt. 3.1.3 «Ny tilkomstveg frå Fv. 561 via Fv. 228 og tverrforbindelse til Breivikvegen, skal ha eit samanhengande tilbod for mjuke trafikantar, og skal vera etablert før hovudtyngda av utbygginga på Svaneneset»*


*3.1.4. «Etter at ny tilkomstveg er etablert skal Breivikvegen gjevast prioritet for mjuke trafikantar og stengast for gjennomkøyring frå Fv. 561 til planområdet, med unntak av kollektivtransport og køyring til eigedomar»*

Desse føresegnene er tatt ut av planframlegget som no er sendt på høyring. I pkt. 3.1.2 er det i staden tatt inn følgjande ordlyd: «Før hovudtyngda av utbygginga på Svaneneset skal det frå Fv. 561 og planområdet etablerast samanhengande tilbod for mjuke trafikantar»

Føresegna i 3.1.2 er upresis og gjev rom for fri tolking. Kva er «hovudtyngda av utbygginga»? Når slår rekkeføljekravet inn? Føresegnene seier ikkje noko om tilkomstveg. Kva tiltak er det som skal etablerast for dei ulike trafikantgruppene?

Plankonsulent viser til at det i konsekvensutgreiinga er synleggjort tre ulike vegtrasear som kan vere aktuelle som tilkomst til planområdet – og at endeleg val av trasé skal avklarast i denne detaljreguleringa. Vi kan ikkje sjå at dette er gjort. Alternativ C skisserer ny køyreveg med gang- og sykkelveg langs denne – og vidare på ei strekning på Fv. 228 fram til Fv. 561. Statens vegvesen meiner dette representerer ei god løysing. I planframlegget for Svanevågen fase 2 er likevel ingenting konkretisert.

Det har heile tida vore føresetnaden at tilkomst og eit tilbod til mjuke trafikantar skal avklarast som ein del av prosjektet Svanevågen. Plan for Svanevågen legg opp til ei stor utbygging som vil medføre ei betydeleg auke i ÅDT. Slik Statens vegvesen vurderer det utgjør ikkje planen eit tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag til å kunne fatte vedtak i saka.



**Figur 2 ulike alternativ for tilkomst**

Plan- og bygningslova § 1-1 synleggjer også krav til sakshandsaminga. Mellom anna er det eit krav at det enkelte tiltak skal utførast forsvarleg. Å vedta plan for Svanevågen utan at ein har løyst spørsmålet om tilkomst vil fort føre til at biltrafikken vil gå via kortaste veg, via krysset Fv. 561 /kommunal veg Sæberget. Verken krysset eller bustadområdet med tilkomst frå kommunal veg er tilrettelagt for ei slik trafikkbelastning.

Skal det etablerast ein ny tverrforbindelse med eit tilbod til mjuke trafikantar må det gjennom reguleringsplan og tekniske teikningar dokumenterast at tiltaket faktisk kan gjennomførast. Nytt kryss ved Fv. 228 skal ha utforming jfr. handbok N100 og dimensjonerast for planlagd bruk. Grunneigarar som vert råka må ha mogelegheit for medverknad i tidleg fase.

### Oppsummering

Statens vegvesen meiner planframlegget har så store manglar at det ikkje er forsvarleg å vedta planen slik den no ligg føre. For at utbygginga på Svaneset skal kunne skje på ein forsvarleg måte, må ein først ha tatt konkret stilling til spørsmålet om tilkomst og kva tilbod som skal etablerast for mjuke trafikantar.

Statens vegvesen meiner på bakgrunn av dette at planområdet må utvidast og dei ulike løysingane må konkretiserast i reguleringsplanen. Tekniske teikningar må dokumentere at dei planlagde tiltaka kan gjennomførast.

Rekkefølgekav knytt til veg og g/s-veg må spissast slik at dei ikkje gjev rom for tolking, og i staden retter seg mot konkrete tiltak/felt innanfor planområdet.

Vi imøteser eit revidert planframlegg som tar omsyn til våre merknadar i saka.

Plan- og forvaltning – Bergen  
Med helsing

Sindre Lillebø  
seksjonssjef

Ingelin Garen  
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

---

**Fra:** Ambjørg Reinsnos <Ambjorg.Reinsnos@hfk.no>  
**Sendt:** 9. desember 2019 12:49  
**Til:** Øyvind Lunde  
**Kopi:** Sven Selås Kallevik; Cathrine Grasdahl  
**Emne:** SV: 16/18-98 Høyriing og offentlig ettersyn av forslag til detaljreguleringsplan for Svanevågen. PlanID 2016 0007.

Vi viser til oversend planforslag for Svanevågen delfelt 1 og 2, i e-post datert 06.12.19.

Vi har ikkje merknader til kulturminnet sør i planområdet, markert som føresegnområde #1 i plankartet datert 20.11.19.

Vi er imidlertid skeptiske til at det nordlege automatisk freda kulturminnet er tatt ut av plankartet for delfelt 2.

Dette medfører at kulturminnet ligg meir utrygt når det skal gjerast anleggsarbeid i området like sør for kulturminnet.

Vi rår til at kulturminnet Askeladden-id 178655 med omsynssonene som vist i planforslaget som var på offentlig ettersyn i august i år vert tatt med i planområdet for delfelt 2, med tilhøyrande føresegner som sikrar vernet av dette kulturminnet.

Dersom kommunen vel å ikkje utvide planområdet, ber vi om at det vert lagt til føresegner som seier at det ved tiltak i arealformål BFF02 og BBS1 med tilhøyrande infrastruktur skal takast særskild omsyn til det automatisk freda kulturminnet. Kulturminnet bør merkast opp når anleggsarbeidet skal startast slik at ein unngår tiltak som er i strid med kulturminnelova § 3.

Det er ikkje tillate med tiltak som er egna til å skade, øydelegge, grave ut, flytte, endre, tildekke, skjule eller på annan måte utilbørleg skjemme automatisk freda kulturminne eller framkalle fare for at dette kan skje.

Når det gjeld planseksjonen ved Hordaland fylkeskommune har dei ikkje særskilde merknader i saka ut over fråsegna datert 20.08.19.

Venleg helsing

**Ambjørg Reinsnos**

Arkeolog | Seniorrådgjevar  
Kultur- og idrettsavdelinga | Fylkeskonservatoren



Tlf: 48 99 12 88  
[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)

---

**Fra:** Øyvind Lunde <[oyvind.lunde@oygarden.kommune.no](mailto:oyvind.lunde@oygarden.kommune.no)>  
**Sendt:** fredag 6. desember 2019 12:22  
**Til:** Ambjørg Reinsnos <[Ambjorg.Reinsnos@hfk.no](mailto:Ambjorg.Reinsnos@hfk.no)>



**Emne:** SV: 16/18-98 Høyring og offentlig ettersyn av forslag til detaljreguleringsplan for Svanevågen.  
PlanID 2016 0007.

Hei

Fint at du kan sjå på det på måndag.

Vedlagt følger SOSI-fil.

Med venleg helsing

**Øyvind Lunde**

Leiar Teknisk plan og forvaltning  
Øygarden kommune

**Telefon:** 56 38 20 00 – 56 38 53 51

**E-post:** ol@oygarden.kommune.no **Heimeside:** [www.oygarden.kommune.no](http://www.oygarden.kommune.no)

E-post til undertekna er normalt offentlig post og vert journalført for allment innsyn. E-postar med innhald knytt til konkrete saker under behandling bør sendast til [postmottak@oygarden.kommune.no](mailto:postmottak@oygarden.kommune.no). Gjerne med kopi til min e-postadresse.



---

**Fra:** Ambjørge Reinsnos [<mailto:Ambjorg.Reinsnos@hfk.no>]

**Sendt:** 6. desember 2019 11:31

**Til:** Øyvind Lunde

**Kopi:** Sven Selås Kallevik; Cathrine Grasdahl

**Emne:** SV: 16/18-98 Høyring og offentlig ettersyn av forslag til detaljreguleringsplan for Svanevågen.  
PlanID 2016 0007.

Hei, eg kan ikkje sjå at vi har fått inn noko i denne saka etter august i år.

Dersom det er send i vanleg postgang tar det dessverre litt tid før det når fram til oss.

Eg får ikkje tid til å sjå på dette i dag, dessverre, men om eg får oversend sosi-fil over planforslaget kan eg gje Dykk tilbakemelding på måndag.

Venleg helsing

**Ambjørge Reinsnos**

Arkeolog | Seniorrådgjevar  
Kultur- og idrettsavdelinga | Fylkeskonservatoren



Tlf: 48 99 12 88

[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)

---

**Fra:** Øyvind Lunde <[oyvind.lunde@oygarden.kommune.no](mailto:oyvind.lunde@oygarden.kommune.no)>

**Sendt:** fredag 6. desember 2019 10:54

**Til:** Ambjørng Reinsnos <[Ambjorg.Reinsnos@hfk.no](mailto:Ambjorg.Reinsnos@hfk.no)>

**Kopi:** Sven Selås Kallevik <[SvenSelas.Kallevik@oygarden.kommune.no](mailto:SvenSelas.Kallevik@oygarden.kommune.no)>

**Emne:** 16/18-98 Høyring og offentlig ettersyn av forslag til detaljreguleringsplan for Svanevågen.  
PlanID 2016 0007.

Hei

Prøvde å ringe deg om reguleringsplanen for Svanevågen.

Brev med tekst under og vedlagte forslag til endra planforslag vart sendt på avgrensa uttale til Hordaland fylkeskommune, Statens vegvesen og Fylkesmannen i Vestland den 29.11. Uttalefrist 09.12.

Håpar du har fått dette til deg for vurdering.

Det er sterkt ønske frå politisk hald om å få reguleringsforslaget endeleg behandla i kommunestyremøte 11.12.

Let det seg gjere i forhold til det automatisk freda kulturminne?

Situasjonen i Svanevågen er vel ein annan enn i Arseta planen på Rong, all den tid det aktuelle kulturminnet alt er utgrave i Svanevågen?

Med venleg helsing

**Øyvind Lunde**

Leiar Teknisk plan og forvaltning  
Øygarden kommune

**Telefon:** 56 38 20 00 – 56 38 53 51

**E-post:** [ol@oygarden.kommune.no](mailto:ol@oygarden.kommune.no) **Heimeside:** [www.oygarden.kommune.no](http://www.oygarden.kommune.no)

E-post til underteikna er normalt offentlig post og vert journalført for allment innsyn. E-postar med innhald knytt til konkrete saker under behandling bør sendast til [postmottak@oygarden.kommune.no](mailto:postmottak@oygarden.kommune.no). Gjerne med kopi til min e-postadresse.



Brev sendt til Hordaland fylkeskommune, Statens vegvesen og Fylkesmannen i Vestland 29.11.19:

**«Høyring og offentlig ettersyn av forslag til detaljreguleringsplan for Svanevågen.  
PlanID 2016 0007.**

Forslag til reguleringsplan for Svanevågen låg ute til offentlig ettersyn i perioden 02.07 til 20.08.19. Dette vart gjort i tråd med vedtak i Utval for drift og samfunnsutvikling 25.06.19, sak 82/19.

Vi takkar for dykkar uttale til planforslaget.

Vi registrerer at det er ein del innvendingar mot dette planforslaget.

Før formell vidare behandling av planforslaget i politiske organ, ber vi om dykkar uttale til vedlagte utkast til revidert planforslag.

Føreslegne endringar er gjort med tanke på å imøtekome dykkar merknadar.

Som det framgår av vedlagte planmateriale er det totale planområdet no inndelt i 3 delområde. Dette forslaget omhandlar del 1 og del 2.

Det vil seinare bli arbeidd med også å inkludere delområde 3 i reguleringsplanen.

Forslaget vert med dette sendt på avgrensa høyring etter avtale med Ottar Vik som er leiar av Utval for drift og samfunnsutvikling.

Det er sterkt ønskje om å få behandla reguleringsplanen før kommunesamanslåinga ved årsskiftet.

Vi ber derfor om dykkar tilbakemelding innan 09.12.19. Beklagar den korte fristen.

Med helsing

Øyvind Lunde  
einingsleiar teknisk plan og forvaltning

Dokumentet er elektronisk godkjent, og krev difor ingen signatur»




Øygarden kommune  
Ternholmvegen 2  
5337 RONG

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Frida Halland, 5764 3128

## Samordna uttale til detaljreguleringsplan for Svanevågen med referat frå dialogmøte

Vi syner til oversending dagsett 28.6.2019 og dialogmøte den 6.9.2019 og utsett frist til den 1.10.2019.

Saka gjeld detaljregulering for Svanevågen. Føremålet med planen er å leggje til rette for utbygging av bustadar, barnehage, fritidsbustadar, naust, småbåthamn, småbåtanlegg, overnatting/hotell og fritids- og turistføremål. Planområdet utgjer 261 daa, av dette er 197 på land og 64 på sjø.



Fylkesmannen har vurdert at planen utfordrar statlege omsyn i strandsona og har difor bede om eit dialogmøte med kommunen. Dialogmøtet vart halde den 6.9.2019 på statens hus.

Til stades frå Øygarden kommune:

- Ottar Vik, Øyvind Lunde og Sven Selås Kallevik
- Til stades frå Fylkesmannen:
- Egil Hauge og Frida Halland



Tema for dialogmøte var strandsoneverdiane heimla i pbl. § 1-8, landskap, friluftsliv og naturmangfald. Diskusjonen i møte dreia seg kring plassering av hotell/overnatting, fortetting og plassering av naustområde. Fylkesmannen takkar for eit godt møte.

#### *Konklusjon frå møtet*

Fylkesmannen er kritisk til at det mest eksponerte området i planen vert sett av til hotell. Dette området bør setjast av til natur eller friluftsføremål. Fylkesmannen var vidare klar på at ein må redusere talet på fritidsbustader i planområdet. Kommunen må særleg vurdere utbyggingsområda ut frå landskapsomsyn.

Etter Fylkesmanen si vurdering bør ein ta båthamna ut av planframlegget og ikkje leggje opp til eit so stort inngrep. Fylkesmannen er kritisk til fylling ut til holmen, viss ein ynskjer bru til holmen bør dette vere lette konstruksjonar og ikkje fylling i sjø.

Elles var Fylkesmannen tydeleg på at naturmangfald må vere i fokus, særleg ved tanke på bekkefaret med kantvegetasjon og området inst i vågen. Det vart diskutert at det er mogeleg å setje av området attom nausta til parkering, Fylkesmannen vurderte at det kan vere greitt.

Fylkesmannen er av den forståing at Øygarden kommunen vil arbeide vidaremed planen. Fylkesmannen bad difor om utsett medverknad og at vi får høve til å vurdere spørsmålet om motsegn til Øygarden kommune har vurdert om ein kan gjere endringar i planframlegget som kjem våre ankepunkt i møte.

Viss Øygarden kommune, som planstyresmakt, vel å gå vidare med planen, utan dei tilrådde endringane med å redusere hyttefelt og klart avgrense område for næring ved sjøen, og tek han opp til slutthandsaming utan at det ligg føre semje om dei aktuelle konfliktpunkta, legg vi til grunn at Fylkesmannen får høve til å vurdere motsegnsspørsmålet på nytt.

Med helsing

Egil Hauge  
seksjonsleiar

Frida Halland  
Rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

---

**Fra:** Audhild Svela <asv@alt.as>  
**Sendt:** 15. juni 2019 12:21  
**Til:** Øyvind Lunde  
**Kopi:** Sven Selås Kallevik; Einar Lunøe  
**Emne:** Svanevågen\_justert planforslag  
**Vedlegg:** plankart\_svanevågen\_innsending\_fase2\_1-1500 A1-L.pdf;  
1259 2016  
0007\_Svanevågen\_reguleringsføresegner\_fase2\_14062019.pdf; 190614\_svanevågen\_illuplan\_fase2.pdf; Følgebrev\_justert planforslag\_fase2\_Svanevågen detaljregulering\_14062019.pdf

Hei,

Vedlagt er justert planforslag:

- Plankart
- Bestemmelser
- Illustrasjonsplan
- (perspektiv og vedlegg hotell er oversendt tidligere)
- Følgebrev – kort oppsummering av endringene er lagt til øverst i brevet.

Ved spørsmål eller ytterligere justeringer er det bare å ta kontakt.  
Ettersender sosi-fil på mandag.

Mvh  
Audhild Svela

[asv@alt.as](mailto:asv@alt.as) / alt. arkitektur as / Rådhusgata 30, 0151 Oslo  
m: 95199868 / t: 24200775 / [www.alt.as](http://www.alt.as)

ØYGARDEN KOMMUNE  
Ternholmvegen 2  
5337 RONG

## Uttale vedr - Høring og offentlig ettersyn av forslag til detaljreguleringsplan for Svanevågen. PlanID 2016 0007.

Vi viser til deres brev av 28.06.2019 vedrørende ovennevnte.

Bergen og Omland Farvannsforvaltning IKS (BF IKS) har fått delegert myndigheten som tilligger kommunen etter Lov om havner og farvann (hfl.) av 17. april 2009 nr. 19, jf. § 10 fra Askøy, Austrheim, Bergen, Fedje, Fjell, Lindås, Meland, Os, Radøy, Sund og Øygarden kommune.

Hfl. har som formål å legge til rette for god fremkommelighet, trygg ferdsel og forsvarlig bruk og forvaltning av farvannet i samsvar med allmenne hensyn og hensynet til fiskeriene og andre næringer.

### Vurdering av planforslaget

Det ligger til kommunens myndighet å ta stilling til ønsket arealbruk for området, vi presiserer imidlertid at det er viktig at det settes av tilstrekkelig areal til alminnelig ferdsel til sjøs. Generelt er vi av den oppfatning at det ikke bør settes av større arealer i sjø til enkeltinteresser enn det som er nødvendig.

Saken har vært oversendt maritim avdeling for uttale. Sjøtrafikken vil kunne gå langs yttersiden av Yssenskjeret. Den planlagte moloen/utfyllingen vil dermed ikke komme i konflikt med allmenn fremkommelighet og sikkerhet i sjø.

Vi minner om at tiltak som bygging, graving, utfylling i sjø samt andre tiltak som kan påvirke sikkerheten eller fremkommeligheten i sjøområdet krever tillatelse fra BF IKS, jf. hfl. § 27, første ledd. En orientering om denne søknadsplikten bør etter vår vurdering inntas i reguleringsbestemmelsene. Det er ikke tilstrekkelig at tiltaket er vist i planen. Søknad må sendes hertil i god tid før tiltak iverksettes.

Med hilsen  
Bergen og Omland Farvannsforvaltning IKS

Silje Eide - juridisk rådgiver

*Dokumentet er godkjent elektronisk.*





Knut Børge Breivik  
Breivikveien 74  
5337 Rong

20. August 2019

Øygarden Kommune  
v/Øyvind Lunde  
Ternholmveien 2  
5337 Rong

### **Kommentarer på detaljreguleringsplan for Svanevågen Plan ID 1259 2016 0007**

#### **3.2 Merknader. (Dokument - Forslagstiller si planskildring)**

Mine tidligere merknader er ikke tatt med. Disse skal tas med på lik linje som alle andre sine merknader.

Det er 4 grunneiere utom utbygger. Det er bemerkelsesverdig at ikke alle grunneiere blir involvert i planprosessen, men må rette sine kommentarer til kommunen.

Som eier av Bnr 64 har jeg skriftlig avtale med grunneier som er daglig leder for prosjektet, Hans Arne Breivik, at jeg skulle få bestemme formål og bruk av Bnr 64 uten at det er etterkommet.

Jeg er takknemlig for at Øygarden kommune ville avholde et møte med meg 13. August der jeg fikk framsatt mine synspunkter. Men jeg oppfatter det slik at dette ikke kan erstatte en direkte påvirkning på innsendt reguleringsplan. Dersom avtalen med grunneier hadde blitt overholdt ville mine kommentarer vært implementert i innsendt reguleringsplan og dette brev ville vært unødvendig.

Det er selve resultatet av reguleringsplanen og inkludering av mine merknader som er viktig, dersom mine kommentarer under blir tatt til følge vil det avbøte på en fraværende involvering fra prosjektet side.

## §4 Bygg og anlegg (Dokument – Reguleringsføresegner for Svanevågen)

### 4.7 Naust

Dersom en ser på BUN 2 til 4 er det ingen av eksisterende bygninger som har utforming som er beskrivende iht. ny reguleringsplan. Det er en oppfatning at reguleringsføresegner ikke passer for dette området. BUN 3 benyttes som nøst, klubbhus for Troll Båtklubb og som verksted for Equinor båter ved Sture Terminalen. Bygget inneholder nøst del, verksted, klubblokaler og sanitært anlegg. På BUN 2 står det et bygg som er på 100 kvadratmeter og har en del som er nøst og en del for sosialt samvær, samt sanitært anlegg.

I gammel reguleringsplan fra 1995 ble dette området avsett til nøst og næring, området er utbygget i tråd med dette. Eksisterende bygninger har ikke den størrelse, utforming eller bruk som er beskrevet i nye reguleringsplan. Bygninger har VA-anlegg som må kunne benyttes videre. Det vil være naturlig at BUN 2 til 4 kan fortsette utbygging med sin eksisterende arkitektur og bruk i ny reguleringsplan. Dette vil i så fall bare innbefatte 2 til 3 nye bygninger for dette område.

Jeg ber om at område som er betegnet som BUN 2 (punkt 4.7) blir regulert som «*Kombinerte føremål, naust næring og fritids og turistformål BAA*», og må defineres som nytt BAA2 område. BAA2 er best passende for eksisterende område, bygninger og bruk, samt det er i trå med gammel reguleringsplan.

Forslag til nytt BAA2 område;

#### **Kombinerte føremål, naust, næring og fritids- og turistføremål (BAA2)**


Innanfor føremålet kan det oppførast naust kombinert med næring og fritids- og turistføremål.

##### Bygningsvolum

- a) Maksimal tomteutnyttning er 60 % av tomteareal.
- b) Maksimum mønehøgd er k+12,5
- c) Maksimum gesimshøgd er k+9.5
- d) Nye bygninger skal utformes iht. eksisterende bygg, med samme byggeskikk og dekke veiskjæring i bakkant av tomtene
- e) Det skal være saltak, og takvinkel skal være 40 grader eller spissare
- f) Møneretning: på tvers av kaikant
- g) Byggegrense er i strandlinja med ferdsel på brygga
- h) Det er eksisterende brygge framfor bygg som er og skal være ålment tilgjenge.

At tomtene ikke skal være mer enn 40 % utnyttet er ikke formålstjenlig for private eller samfunn, når en først tar i bruk strandlinjen bør den utnyttes på best mulig måte og med fleksibel bruk. Så lenge en opprettholder en fri ferdsel fremfor byggene og vedlikeholdet gjøres på egen grunn må dette være til alles interesser. Ved en større utnyttelse / fortetting blir fjellskjæring i bakkant dekket av byggene som gir et bedre visuelt miljø.

Forslag til endring; **Utnyttelsesgraden må økes til 60 %, så lenge fri ferdsel opprettholdes fremfor bygninger og vedlikeholdet gjøres på egen grunn.**



## 5 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur. (Dokument – Reguleringsføresegner for Svanevågen)

5.1 Reguleringsplanen beskriver vei SKV 300, SKV 301, SKV 302, SKV 303 og en vei til SKV100, samt en vei som beskrives som avkjørsel fra SKV300 til BUN 1 som eksisterende veier, ref. foto under. Eksisterende veier har jeg tinglyst veirett på i mitt skjøte for Bnr 64. Se utdrag av skjøte under.



5. Til			
Fødselsnr./Org.nr. (11/9 siffer) 4)	Navn	Fast bosatt i Norge	Ideell andel
2.1.06.69.47.5.02	KNUT BERGE BREIVIK	<input checked="" type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei	
		<input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei	
		<input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei	
		<input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei	

6. Særskilte avtaler	
OBS! Her påføres kun opplysninger som skal og kan tinglyses	
Kjøper av 645 B64 har veirett på eksisterende vei fra offentligende vei frem til parallellen. Kjøper er fri hatt for omlegging og påkostninger av veien Mellom grensepunkt 141 og 142 og 5 meter mot sjøen skal område være disponibelt for vei for utenfor liggende område. Kjøper har rett til å legge frem vann og strøm over 645 B1 eller lage innretning for dette, vann og strøm.	

Nr. 47 På lager: Sem & Stenersen Prokom AS, Oslo 5-98

Det står klart at jeg som kjøper har veirett på eksisterende vei. Det som nå beskrives som SKV 302 var ikke bygget på den tid skjøte var tinglyst. SKV 302 står i mitt skjøte som disponibelt område for vei for utenforliggende område.

Vei som nå betegnes som SKV xxx var min opprinnelige vei til Bnr 64(BUN2).

Punkt 5.1.10 beskriver min vei, SKV xxx, som en avkjørsel til feltet BUN 1, samt at området skal være åpent for fri ferdsel for BUN 2 (BUN2 = Bnr 64). Punktet beskriver hvilken last biler skal ha, ut- og oppsetting båter. Punktet kan i ytterste konsekvens tolkes som at en ikke kan bruke veien til øvrige formål som betongbil, bil for diesel levering, bil med trelast og så videre.

Punktet kan også i ytterste konsekvens tolkes som en fritt kan benytte BUN2/Bnr 64 sitt kaianlegg til opp- og utsetting av båter.

Punktet slår også fast at denne vei eller avkjørsel ikke skal benyttes som «hovedtilkomstvei» til BUN2/Bnr 64 selv om jeg har en tinglyst veirett på eksisterende vei SKV xxx.

At en i en reguleringsplan skal sette en tinglyst veirett til side, begrense min ferdsel på tinglyst veirett, beskrive hvilken last biler skal ha og åpne for utsetting av båter på min tomt er urett. Dette vil sette begrensinger på bruk og utnyttelse av min tomt. Dette punktet kan ikke bli stående slik.

Jeg benyttet denne vei til levering av diesel til min båt så sent som 13.07.2019. Da var veien åpen. Det er slik at grunneier og utbygger ved flere anledninger har sperret av veien til min tomt, hindrer meg tilkomst, dette utføres med steinblokker. Jeg fjerner stein og ny stein kommer på plass med gravemaskin, se bilde som er tatt 10.8.2019



Det er derfor viktig at vei, SKV xxx, tegnes inn i plankart og at det ikke settes begrensninger på min bruk av veien og bruk av mitt tomteareal i reguleringsføresegner. En reguleringsplan skal ikke utformes slik at den bidrar til strid, ref. bilde og handlemåte ovenfor. Reguleringsplanen skal være klar slik at den bidrar til fred og harmoni i området, den må ta hensyn til mine rettigheter og andres. Det står i skjøte at «Jeg har veirett på eksisterende vei fra offentlig vei og frem til parsellen. Jeg er fritatt fra omlegging og påkostninger av veien»

Med bakgrunn i argumentasjon ovenfor vil jeg kreve endring i punkt 5.1.9 og 5.1.10, samt kart for detaljregulering med tilhørende reguleringsbestemmelser endres.

- **5.1.9 SKV 302 er eksisterende veg og skal oppretthaldast som den er.**  
(Allmenn ferdsel skal ivaretas og privatrettslige avtaler regulerer bruk og vedlikehold med mer – ser ingen utfordringer. Jeg kan ikke se at «reguleringsføresegner» beskriver hvilken parsell andre veier skal gå til.)
- **Vei, SKV xxx, som beskrives som avkjørsel til BUN 1 tegnes inn på kart for detaljregulering med tilhørende reguleringsbestemmelser. Veien får et SKV xxx nummer på lik linje med andre eksisterende veier. På enden av veien står det en pil rett frem og en pil til høyre som indikerer kjørretting inn på feltene.** (Se skisse som jeg har laget på et av bildene ovenfor)
- **5.1.10 Fra SKV300 går det en eksisterende vei SKV xxx til feltene BUN1 og Bnr 64. Veien skal oppretthaldast som i dag. Veien skal være fremkommeleg for store kjøretøy som utrykningskjøretøy, lastebil med langt lasteplan for service oppdrag og for varelevering med mer.**

#### 4.8 Småbåtanlegg (Dokument – Reguleringsføresegner for Svanevågen)

##### 4.8.6

Jeg ber om at det tegnes inn på plankart / planskisse en standard flytebrygge på 3 x 12.5 meter utenfor min tomt Bnr 64 som betegnes som BUN 2 i reguleringsplan, lik den som ligger på bnr 65, BUN 3. Se foto ovenfor.

#### 6.6.7 Ferdsl i sjø / 6.11 Naboer (Dokument - Forslagstiller si planskildring)

Det settes frem påstand om at en ikke trenger enn 25 meter manøvreringsområde i sjø, dette vil jeg påstå er feil. Svanevågen kan ha sterk vind fra nord og med sin topologi kan det være fallvinder som har mye større kraft enn vanlig vind. Det er viktig at det er regulert frie områder til manøvrering for å ivareta sjøsikkerheten. I plankart / planskisse er det merket av 20 meter og i *forslagstiller si planskildring* beskriver en 25 meter. Alle dokumenter bør være samstemt og planen må sikre tilfredsstillende manøvreringsområde i sjø. Med en vanlig båtførerprøve kan en føre båt opp til 15 meter, en vanlig størrelse på en fritidsbåt i dag er opp til 15 meter. Da har en under en båtlengde til manøvrering, det er for lite etter min oppfattelse.

Med vennlig hilsen

*Knut Børge Breivik*      *20.8.19*

Knut Børge Breivik

